

KOMMISJONSVEDTAK

2012/EØS/16/39

av 3. november 2006

om fastsetjing av reviderte miljøkriterium og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll med omsyn til tildeling av fellesskapsmiljømerket til jordbetningsmiddel(*)*[meldt under nummeret K(2006) 5369]*

(2006/799/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA
HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1980/2000 av 17. juli 2000 om ei revidert fellesskapsordning for tildeling av miljømerke⁽¹⁾, særleg artikkel 6 nr. 1 andre leddet,

etter samråd med Utvalet for miljømerking i Den europeiske unionen og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) I medhald av forordning (EF) nr. 1980/2000 er det i rett tid vorte gjort ei vurdering av fellesskapskriteria og av dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll som vart innførte ved kommisjonsvedtak 2001/688/EF⁽²⁾ om tildeling av fellesskapsmiljømerket til jordbetningsmiddel og dyrkingsmedium.
- 2) I lys av denne vurderinga bør produktgruppa delast inn i to åtskilte produktgrupper.
- 3) Vedtak 2001/688/EF bør difor bytast ut med to åtskilte vedtak, høvesvis for jordbetningsmiddel og dyrkingsmedium.
- 4) For å ta omsyn til den vitskaplege utviklinga og marknadsutviklinga, bør dei kriteria og krava som gjeld jordbetningsmiddel, og som gjeld fram til 28. august 2007, reviderast i lys av den vurderinga som er gjort.
- 5) Dei reviderte miljøkriteria og –krava bør gjelde i eit tidsrom på fire år.
- 6) Det bør innførast ein overgangsperiode på høgst 18 månader, slik at produsentar som har fått tildelt miljømerket for produkta sine før 1. oktober 2006 eller har søkt om slik tildeling før denne datoen, har nok tid til å kunne tilpasse desse produkta slik at dei vert i samsvar med dei reviderte kriteria og krava.

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 325 av 24.11.2006, s. 28, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 15/2008 av 1. februar 2008 om endring av EØS-avtalens vedlegg XX (Miljø), se *EØS-tillegget til Den europeiske unions tidende* nr. 33, 12.6.2008, s. 22.

⁽¹⁾ TEF L 237 av 21.9.2000, s. 1.

⁽²⁾ TEF L 242 av 12.9.2001, s. 17. Vedtaket endra ved vedtak 2005/384/EF (TEU L 127 av 20.5.2005, s. 20).

- 7) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå det utvalet som er oppnemnt i medhald av artikkel 17 i forordning (EF) nr. 1980/2000 —

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

Produktgruppa «jordbetningsmiddel» skal omfatte materiale som er meinte som tilsetjing i jorda på staden, først og fremst for å betre eller halde ved lag dei fysiske eigenskapane hennar, og som kan betre dei kjemiske og/eller biologiske eigenskapane eller den kjemiske og/eller biologiske aktiviteten hennar.

Artikkel 2

For å kunne få tildelt fellesskapsmiljømerket for jordbetningsmiddel i medhald av forordning (EF) nr. 1980/2000 må eit produkt høyre inn under produktgruppa «jordbetningsmiddel» slik det er definert i artikkel 1, og oppfylle dei miljøkriteria som er fastsette i vedlegget til dette vedtaket.

Artikkel 3

Den innverknaden som produktgruppa «jordbetningsmiddel» har på miljøet, skal vurderast ut frå dei særskilde miljøkriteria som er førde opp i vedlegget.

Artikkel 4

For administrative føremål vert produktgruppa «jordbetningsmiddel» tildelt kodennummeret «003».

Artikkel 5

Vedtak 2001/688/EF vert oppheva.

Artikkel 6

Miljømerke som før 1. oktober 2006 er vortne tildelte produkt som høyrer inn under produktgruppa «jordbetningsmiddel og dyrkingsmedium», kan framleis nyttast inntil 30. april 2008.

I tilfelle der søknader om tildeling av miljømerke for produkt som høyrer inn under produktgruppa «jordbetningsmiddel og dyrkingsmedium», er vortne sende inn før 1. oktober 2006, kan desse produkta få tildelt miljømerket på dei vilkåra som gjeld fram til 28. august 2007. I slike tilfelle kan merket nyttast fram til 30. april 2008.

Artikkel 7

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utfjerda i Brussel, 3. november 2006.

For Kommisjonen

Stavros DIMAS

Medlem av Kommisjonen

VEDLEGG

MÅLSETJING

Prøving og prøvetaking skal utførast i samsvar med dei prøvingsmetodane som er fastsette av CEN/TC 223, slik det er definert og godkjent av CEN i standarden EN 12579 «Jordforbedringsmidler og dyrkingsmedier — prøvetaking» inntil det vert utarbeidd relevante tverrgåande standardar på grunnlag av retningslinjer frå CEN-arbeidsgruppe 151 «Tverrgåande».

Prøvetaking skal utførast i samsvar med dei metodane som er fastsette av CEN/TC 223 (arbeidsgruppe 3), slik det er definert og godkjent av CEN i standarden EN 12579 «Jordforbedringsmidler og dyrkingsmedier — prøvetaking». Dersom det krevst prøving eller prøvetaking som ikkje er omfatta av desse prøvetakingsmetodane og -teknikkane, skal det rette organet eller dei rette organa som skal vurdere søknaden (heretter kalla «det rette organet»), opplyse om kva prøvings- og/eller prøvetakingsmetodar som det/dei reknar som høvelege.

Det kan eventuelt nyttast andre prøvingsmetodar dersom det rette organet meiner at dei er jamgode. Dersom det ikkje er nemnt noka prøving, eller dersom prøvingane skal gjennomførast for kontroll- eller tilsynsføremål, bør dei rette organa leggje til grunn fråsegnar og dokumentasjon frå søkjaren og/eller resultat av uavhengige kontrollar.

Dei rette organa vert rådde til å ta omsyn til gjennomføringa av godkjende miljøstyringsordningar, t.d. EMAS eller ISO 14001, når dei vurderer søknader og fører tilsyn med at kriteria i dette vedlegget vert oppfylte. (NB: Det er ikkje påkravd å gjennomføre slike styringsordningar).

Desse kriteria skal særleg:

- fremje bruk av fornybare materiale og/eller resirkulering av organisk materiale som stammar frå innsamling og/eller handsaming av avfallsstoff, og såleis medverke til å redusere mengda av fast avfall til disponering (t.d. på fyllplass) så mykje som råd,
- redusere skade på eller fare for miljøet frå tungmetall og andre farlege sambindingar som følgje av bruk av produktet.

Kriteria er fastsette på ein slik måte at dei fremjar merking av jordbetningsmiddel som har liten innverknad på miljøet gjennom heile levetida til produktet.

MILJØKRITERIUM

1. **Materiale**

Følgjande materiale kan tillatast:

1.1. Organiske materiale

Eit produkt skal berre kunne tildelast miljømerket dersom det ikkje inneheld torv, og dersom innhaldet av organisk materiale i produktet stammar frå handsaming og/eller ombruk av avfall (slik det er definert i rådsdirektiv 75/442/EØF av 15. juli 1975 om avfall⁽¹⁾) og i vedlegg I til det nemnde direktivet).

Søkjaren skal leggje fram for det rette organet detaljerte opplysningar om samansetnaden av produktet, saman med ei fråsegn om at produktet oppfyller det kravet som er nemnt ovanfor.

⁽¹⁾ TEF L 194 av 25.7.1975, s. 47. Direktivet sist endra ved europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1882/2003 (TEU L 284 av 31.10.2003, s. 1).

1.2. Slam

Produkta skal ikkje innehalde slam frå reinseanlegg. Anna slam er tillate berre dersom det oppfyller følgjande kriterium:

Slammet er identifisert som eitt av dei følgjande avfallsprodukta i samsvar med den europeiske lista over avfall (slik det er fastsett ved kommisjonsvedtak 2001/118/EF av 16. januar 2001 om endring av vedtak 2000/532/EF med hensyn til avfallslisten⁽¹⁾):

0203 05	Slam frå handsaming av avløpsvatn på staden ved tillaging og føredling av frukt, grønnsaker, korn, matoljer, kakao, kaffi, te og tobakk, ved konserveproduksjon og ved produksjon av gjær og gjærekstrakt og ved tillaging og gjæring av melasse.
0204 03	Slam frå handsaming av avløpsvatn på staden ved framstilling av sukker.
0205 02	Slam frå handsaming av avløpsvatn på staden i meieriindustrien.
0206 03	Slam frå handsaming av avløpsvatn på staden ved framstilling av bakarvarer og sukkervarer.
0207 05	Slam frå handsaming av avløpsvatn på staden ved framstilling av alkoholhaldige og alkoholfrie drikkar (bortsett frå kaffi, te og kakao).

Slammet skal vere kjeldesortert, dvs. at det skal ikkje vere blanda med avløpsvatn eller slam som stammar frå andre framstillingsprosessar.

Dei høgste konsentrasjonane av tungmetall i avfallet for handsaming (mg/kg tørrvekt) skal oppfylle krava i kriterium 2.

Slammet skal oppfylle alle dei andre miljøkriteria som er førde opp i dette vedlegget, og skal då reknast for å vere tilstrekkeleg stabilisert og reinsa.

Søkjaren skal leggje fram for det rette organet detaljerte opplysningar om samansetnaden av produktet, saman med ei fråsegn om at produktet oppfyller kvart av dei krava som er nemnde ovanfor.

1.3. Mineral

Mineral skal ikkje utvinnast frå

- område som er viktige for Fellesskapet, og som er melde i medhald av rådsdirektiv 92/43/EØF av 21. mai 1992 om vern av habitater og ville dyr og planter⁽²⁾,
- område som er ein del av Natura 2000-nettverket og er særlege verneområde i medhald av rådsdirektiv 79/409/EØF av 2. april 1979 om vern av ville fugler⁽³⁾, og område som er omfatta av direktiv 92/43/EØF, eller tilsvarande område utanfor Det europeiske fellesskapet som høyrer inn under tilsvarande føresegner i Konvensjonen til Dei sameinte nasjonane om biologisk mangfald.

Søkjaren skal leggje fram for det rette organet ei fråsegn om at produktet oppfyller dette kravet som er utferda av dei rette styresmaktene.

⁽¹⁾ TEF L 47 av 16.2.2001, s. 1.

⁽²⁾ TEF L 206 av 22.7.1992, s. 7. Direktivet sist endra ved forordning (EF) nr. 1882/2003.

⁽³⁾ TEF L 59 av 25.4.1979, s. 1. Direktivet sist endra ved forordning (EF) nr. 807/2003 (TEU L 122 av 16.5.2003, s. 36).

2. Avgrensing av farlege stoff

I sluttproduktet må innhaldet av følgjande grunnstoff vere mindre enn dei verdiane som er førde opp nedanfor, målt i tørrvekt:

Grunnstoff	mg/kg (tørrvekt)
Zn	300
Cu	100
Ni	50
Cd	1
Pb	100
Hg	1
Cr	100
Mo(*)	2
Se(*)	1,5
As(*)	10
F(*)	200

(*) Opplysningar om forekomsten av desse grunnstoffa er naudsynte berre for produkt som inneheld industriavfall.

NB: Desse grenseverdiane skal gjelde med mindre den nasjonale lovgjevinga er strengare.

Søkjaren skal leggje fram for det rette organet relevante prøvingsrapportar, saman med ei fråsegn om at produktet oppfyller dette kravet.

3. Ureinande fysiske stoff

I sluttproduktet (med maskestørleik 2 mm) må innhaldet av glas, metall og plast vere mindre enn 0,5 %, målt i tørrvekt.

Søkjaren skal leggje fram for det rette organet relevante prøvingsrapportar, saman med ei fråsegn om at produktet oppfyller dette kravet.

4. Nitrogen

Konsentrasjonen av nitrogen i produktet må ikkje overstige 3 % totalt N (tørrstoff), og innhaldet av uorganisk N må ikkje overstige 20 % totalt N (eller organisk N \geq 80 %).

Søkjaren skal leggje fram for det rette organet ei fråsegn om at produktet oppfyller dette kriteriet.

5. Produkteigenskapar

a) Produkta må leverast i fast form og innehalde minst 25 vektprosent tørrstoff og minst 20 % organisk materiale i tørrvekt (målt ved glødetap).

b) Produkta må ikkje ha ugunstig innverknad på spiringa eller den vidare veksten til plantene.

Søkjaren skal leggje fram for det rette organet ei fråsegn om at produktet oppfyller desse kriteria, saman med tilhøyrande prøvingsrapportar og dokumentasjon.

6. Helse og tryggleik

Innhaldet av viktige sjukdomsframkallande bakteriar må ikkje overstige dei følgjande grenseverdiane:

- *Salmonella*: finst ikkje i 25 g.
- Egg av innvollsormar: finst ikkje i 1,5 g⁽¹⁾.
- *E. Coli*: < 1 000 MPN/g (MPN: most probable number / mest sannsynlege tal⁽²⁾).

Søkjaren skal leggje fram for det rette organet relevante prøvingsrapportar og relevant dokumentasjon, saman med ei fråsegn om at produktet oppfyller desse krava.

7. Spiredyktige frø/avleggjarar

I sluttproduktet skal innhaldet av ugrasfrø og vegetativt foryngingsmateriale av snøgtveksande ugras ikkje overstige to einingar per liter.

Søkjaren skal leggje fram for det rette organet ei fråsegn om at produktet oppfyller desse krava, saman med eventuelle tilhøyrande prøvingsrapportar og/eller dokumentasjon.

8. Produktopplysningar

Desse opplysningane skal følgje med produktet (både emballerte og uemballerte produkt), enten påførde emballasjen eller som vedlagde opplysningskjema:

Allmenne opplysningar

- a) Namnet på og adressa til det organet som er ansvarleg for marknadsføringa.
- b) Ein omtale av produkttypen som inneheld uttrykket «JORDBETRINGSMIDDEL».
- c) Eit identifikasjonsnummer for partiet.
- d) Mengda (i vekt eller volum).
- e) Dei viktigaste råstoffa (over 5 volumprosent) som produktet er framstilt av.

Dei følgjande opplysningane om bruken av produktet skal eventuelt følgje med produktet, enten påførde emballasjen eller som vedlagde opplysningskjema:

- a) Tilrådde lagringsvilkår og tilrådd siste forbruksdato.
- b) Retningslinjer for sikker handtering og bruk.
- c) Ein omtale av bruksføremålet til produktet og eventuelle avgrensingar i bruken.
- d) Opplysningar om produktet er eigna for særskilde plantegrupper (t.d. kalksky eller kalkelskande planter).
- e) pH og høvet mellom karbon og nitrogen (C/N).
- f) Opplysningar om stabiliteten til organiske materiale (stabile eller svært stabile) i samsvar med nasjonale eller internasjonale standardar.

⁽¹⁾ For produkt der innhaldet av organiske stoff ikkje utelukkande stammar frå organisk avfall, hageavfall eller parkavfall.

⁽²⁾ For produkt der innhaldet av organiske stoff utelukkande stammar frå organisk avfall, hageavfall eller parkavfall.

- g) Opplysningar om tilrådde bruksmetodar.
- h) Tilrådd bruksmengde til hobbybruk, uttrykt i kilogram eller liter av produktet per overflateeining (m²) per år.
- Opplysningar kan berre utelatast dersom søkjaren kan gje ei tilfredsstillande grunngjeving.

NB: Desse opplysningane skal gjevast med mindre noko anna er fastsett i nasjonal lovgjeving.

Detaljerte opplysningar:

Parameter	Prøvingsmetodar
Mengd	EN 12580
Innhald av organisk materiale og oske	EN 13039
Samla nitrogen	prEN 13654/1-2
Høvet mellom karbon og nitrogen (C/N)	C/N(*)
pH	EN 13037
Tungmetall (Cd, Cr, Cu, Pb, Ni, Zn)	EN 13650
Hg	ISO 16772
Innhald av fukt/tørrestoff	EN 13040
<i>Salmonella</i>	ISO 6579
Egg av innvollsormar	prXP X 33-017
<i>E. coli</i>	ISO 11866-3
Prøving av stabilitet/mognad (det skal gjerast greie for kva prøver som er utførde, og for resultatata av dei)	Ikkje relevant
(*) Karbon = organisk materiale (EN 13039) × 0,58 Ikkje relevant = det finst ingen tilgjengeleg CEN-metode.	

9. Opplysningar på miljømerket

Felt 2 av miljømerket skal innehalde følgjande tekst:

- medverkar til å redusere jord- og vassureining,
- fremjar resirkulering av materiale,
- medverkar til gjere jorda meir grøderik.